

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 .

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord

Emne: Bordskikk til hverdags.

Bygdelag: Børja

Oppskr. av: Knut Strompdal .

Gard:

(adresse): Storbørja .

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko etter eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn som vert nemnde nedanfor.

SVAR

Det var sa ymse før i tida , sume stader at dei i same romet der dei laga maten , andre stader laga dei maten i eit rom og at i eit anna . Ein kunne t.d. koka maten i eldhuset og eta den i stua. Eller ein kunne både koka maten og eta han i stua . Dei kunne og koka maten i kjøkenet og eta han i stua. Men dei kunne og både koka og eta på kjøkenet . Eller dei kunne både koka maten og eta han i stua . Tilhøva var ikkje likeeins alle stader , og ikkje gjorde dei det likeeins til alle tider heller.

No er det vanlegaste at ein kokar maten på kjøkenet og etar i stua , men sume stader kan dei og både koka maten og eta han på kjøkenet .

Det var det same med mat som ikkje vart kokt og , det var og er ikkje nokon fast regel .

1. Det vanlege var attmed bordet medan ein at. Ein hende gong kunne dei få maten opp i hendene og sitja og eta han kvar det høvde . Saleis nar ein fekk kinnabeta eller og bakstelefsa . Likeeins gjore de dei og nar dei tok seg ei tugge medan dei venta på maten , som dei sa . Men slikt vart ikkje rekna for noko matmal , det skulde ein sitja attmed bordet medan ein at.

2. Det vanlege var at heile huslyden sat attmed same bordet . Det er til vanleg same skikken enda .

3. Til vanleg et alle på same tid , husbondsfolk som tenerar og andre arbeidsfolk. Det var likeeins i gamal tid og etter det Hans Strompaal fortalde . Hans Strompdal var fødd 1848.

4. Dei får alle same slags mat , det er ingen skilnada saleis. Det var i sa mate likeeins i gamal tid og etter det Hans Strompdal fortalde .

5. Alle stuehus her har bade stue og kjøken. Men skikken med etinga er ikkje likeeins alle stader : På sume gardar et dei på kjøkenet til kvar = dags, men i stua ved meire høgtidelege høve . På andre gardar et dei i stua mest kvart eit mal . I gamal tid var kjøkenet sa lite , at der var dei berre og laga til maten . Dei at alltid ved mat= bordet inne i stua , etter det Elen Strompdal for = talde. Elen Strompdal var fødd 1853.

6 . Som alt nemnt ovanfor gjer dei ikkje likeeins alle stader . På sume gardar et dei alle matmåla inne i stua . På andre gardar et dei til kvardags ute på kjøkenet . Der dei et på kjøkenet til kvardags pla dei eta inne i stua ved høgtidene og nar dei har vitjing av vyrde framanfolk , kjente eller skyldfolk dei vil vise litt meire vyrdnad enn vanleg . Korleis det var gamalt sjå svar under 5.

7. Det vanlege er at alle har sin visse plass ved bordet . Husband sitt til vanleg ved eine enden av bordet med ein vaksen son eller ein vaksen bror mitt mot seg på andre sida av bordet . Husmora har sume stader plassen sin ved sida av husband ,

5695

andre stader ~~hætte~~^{har} ho plassen sin ved andre enden av bordet . Gamalt var det sa, at husbond skulde sitja i høgsæte dei kalla og sa hadde han dei andre mannlege huslydlemene ved sida av seg , medan mat = mera sat på andre sida av bordet og ha dei kvinnelege huslydlemene ved sida av seg . Var det sma born sat dei oftast attmed mera . Heimelsmann : Johan Sivertsen fødd 1860.

8. No er det fast skikk , at borna sitt ved bordet . Den skikken har vore den vanlege allvisst dei siste seksti åra. Det er mogleg det kan ha vore annleis i gamal tid . Johan Nikolaisen fødd 1865 fortalde at i hans barndom var det skikk at borna stod attmed bordet medan dei at . Men dei hadde visst ikkje same skikken alle stader den tid heller .

9. Gamalt kaltes husbonds plass ved bordet for høgsætet . No er den nemninga gatt av bruk. Husbond sitt heller ikkje alle stader ved bordet der dei gamalt vilde kalla det høgsætet . Noko slag merke ved dei ymse plassane ved bordet er det ikkje.

10. Gamalt var det den bordenden som vendte lengst mot sør som var høgsætet . Skal det no vera nokon heidersplass , sa fyljer dei den gamle skikken og sessar heidersgjesten fæ for sørennen av bordet .

11. Dei var langt mindre nøgje på å vaske hendene før dei sette seg tilboras før i tida enn folk er nå no . Hadde dei ikkje slikt arbeid , slik som jordarbeid og liknande som gjorde at dei vart sers mykje skitne , sa vaska dei seg ikkje på hem-

4

dene før dei at . Allvisst var det dei fleste eldre som hadde det saleis i slutten av føre århundrad . Ein kan segja forandringa er kome med den betre skulegonga etter 1890 . Folk fekk augo opp for kor viktig det kunne vera å vaske hendene før maten .

Å taka huva av medan ein at har det vore så langt att som gamle folk kan minnst . Eit gammalt ordtak segjar , at tek ein ikkje av hatten medan ein et , så vert ein ikkje mett , maten går i hatten . Hans Strompdal fødd 1848 fortalde at foreldra hans sa , at dei skulde taka av huve eller hatt medan dei at . Dei gamle sa òg , at ein skulde ikkje vanakte Guds gaver med å ha huva på medan ein at . Skikken var så inngrodd at endå om dei at ute under ber himmel , så brukte dei å taka huva av og legja ho ved sida av seg medan dei at .

12. Det er noko vant å få vita korleis tilhøva var for lenger tid attende enn ein seksti år . Men allvisst fra slutten av ottiåra var det mest vanlegt , at kvar fekk sin eigen porsjon graut aust til seg på ein tallerk . Men det var då kome tallerkar av krusty . Enda lenger attende i tida hadde dei tallerkar berre av tre og av tenn . I den tida vart truleg grauten aust opp i fat som fleire av hyslyden at av saman . Men i dei fleste hushald var det vel for mange til at det var laglegt at alle at av same fat . Namnet grautfat er enno brukt og er eit gammalt ord . Forutan graut var det vanleg at fleire at av same fat slik mat som skyr og brød og likeins mylje . Når dei at skyr og brød braut dei brødet opp i skyret og rørde saman . Det var då ofte to eller tre , stundom fleire , at av same fat . Men etter hundre årskiftet har det vore heilt slutt med den skikken .

Så langt attende som 1890 var det det vanlege , at kvar fekk sin eigen mjølkekopp til grauten . Til vanleg var det ein kruskomme dei kalla , men det kunne og vera ein melkbolle av tre . Det vanlege var då , at dei tok ein bite graut i grautfatet og stakk skeia ned i mjølkekoppen før ein bar henne til munnen . Grautskeia var som øftast av horn . No slår ein til vanleg mjølka i vanlege kaffekoppar og drikk av koppen medan ein et grauten med skeia . At folk slutta å eta av same fat eller drikka av same kopp kom truleg mest av , at ein lærde i skulane det usanitære med framgangsmaten . Kaffedrikkinga har snaut hatt å noko å segja i sa måte . Folk byrja ei god tid før å drikke mjølk av egne koppar før dei tok til å drikke mjølk av kaffekoppar . Dette siste er det berre ein ti til femten år sidan vart brukt noko vanlegt .

13. Allvisst sidan 1880 var det skjeldan dei sette grautgryta på bordet og at beinast er gryta . Det kunne einast vera i ei tømmerkoje eller i ei rorbu , nar ein ikkje hadde noko koppar for hanaa . Pannering vart brukt nar ein sette panna på bordet . Og t.d. nar ein hadde steikt kjøt eller flesk i panna , så vart panna sett på ein pannering eller ein pannetalerk og plasert på bordet , sa alle fekk forsyne seg . Pannerinten var bunden av stalstreng , ytterst ein rund ring og med tvertradar imillom . Under var det bunde stutte føter . Pannetalerkenen var eit rundt bordstykke til å legja under panna . Så rett stor skildnad på serveringa om det er framande tilstades er det igrunnen ikkje . Men ein kan da ause grauten opp i fat som sa kvar av gjestene får

6

far forsyna seg av på tallerkane sine . Er det smør og brød som ~~xxx~~ skal serveras , så kan ein smøre ~~xx~~ smøret på brødet til framande og serverar det på ~~xxx~~ større fat , medan dei smør på brødet kvar til seg når det er berre husets folk tilstade .

Varme retter vart før servert i fat eller på tallerkar .

14. Nokon serskilt matrett med fisk , sild eller kjøt mellom flatbrødstykker var det ikkje .

Det hende av og til når ein at sild , at ein kunne legja sildebiter mellom stykke av flatbrød når ein at , men ein kunne og eta silda attmed brødet på annan måte . Vanleg hadde ein og potet til . Det vart då oftast nemnt berre at ein at sild , men ein kunne og segja at ein at sild attmed brød og potet .

Flatbrød vart mykje nytta til sild , fersk fisk og feitkjøt . Men det vanlege var at dei at ~~xx~~ sild , ferskfisk , eller kjøt attmed brødet som dei kalla det .

15 . Det vert ansett som god bordskikk å taka sukkerbitar i munnen til kaffen når ein berre har , men sukkermerkene er ofte så små at folk lyt drikke kaffe utan sukker til , ein lyt finna det er god bordskikk det og . Dei hadde eit ordtak før i tida at den som ikkje tok ein sukkerbit i munnen først , han vart ikkje gift .

16 . Før drakk ein ofte kaffen av ~~skålen~~ kaffefatet dei kalla (skala) . Var kaffen varm slog dei han berre på kaffefatet og drakk av det , kaffen vart snarare avkjølt på den maten . Men no drikk ein alltid berre av koppen .

17 Når gaffelen først kom i bruk minnest ikkje folk no . Den var allvisst i bruk i syvti til

otti ara , men den første tida vart han berre brukt når det var vyrde framande med til bords eller det var andre høgtidelege hende . Alment i bruk og til kvardags kom gaffelen først kring hundradårskiftet .

Gamalt folk minst gott , at det vart ete utan gaffel . Johan Sivertsen ~~og~~ (fødd 1660) og fleire fortel at i deira barndom var det heller vanlegt å eta utan gaffel til kvardags .

18. Så langt att i tida som gamle folk no kan minnast nar ein brukt bordkniver ved bordet nar ein at . Bordkniven vart gamalt oftast kalla bordjongen . Tollekniven kunne einast verta brukt nar det galt å skjera noko som det trongst ein retteleg kvass kniv til å skjera . Skulde ein eta ute i marka kunne ein stundom hjelpe seg berre med tollekniven for å spare seg bering av så mykje reidskap . I slike høve kan det enda henda ein lyt greida seg berre med fallakniven . Men det vanlege var , at både menn og kvinner brukte bordknivar med bordet nar dei at . Hans Strompdal fødd 1848 fortalde som eit kuriosum , at ein mann i Hattfjelldal brukte legja fram tollekniven nar han skulde gjeva folk mat .

19. Allvisst sidan mitten av føre århundrad har kvar som var med bordet ete med eige skei . Det var nok ofte at han som atte skeia sette eit merke på ho så han skulle kjenne henne . Men nar ein dekte på boraet vart det skjeldan sett så rett mykje ~~og~~ etter at kvar nett fekk den skeia han atte . Det kunne einast vera husbonden om han hadde ei eige skei han helst vilde ha , at han fekk denne skeia og . Eliseus Lomsaal fødd 1855 hadde saleis ei heller stor skei han altid at med nar han

frammande til gards. Til kvardags vart bordduk aldr
 høgtidene og når det kom sletningar eller lyd
 21. Før i tida vart bordduk berre nytta til
 er iuge opplysning gjeva .
 Graut og tok til a bruke djupstolterkar isteden kan
 Om det på same tida byrja ga over fra fellesstat til
 same fortalde Elisens Lomsdal som er nemnt ovanfor.
 dom var det brukt talerkar av tenn og av tre . Det
 Ellen Strompdal fødd 1855 fortalte at i hennar barn-
 tre , det siste var ofast dreia på drestolar .
 Før den tid brukte ein talerkar av tenn eller av
 nøgje , men det var truleg millom 1870 og 1880 .
 eller steintjallerkar kan ikkje oppgjevast sa nikk
 20. Når ein tok til a bruke porselen =
 det før .
 koppane vart baaka oftare no enn det brukte vaske
 det kan henda x skeleno xxx som det andre mat=
 a fortelja om at det har høyrte noko slikt. Men
 kje brukte vaske skeleno . Heller ikkje vart det
 til kvardags no . Ingen no kan minnst at folk ik-
 som no vart brukt . Ikkje sa fa brukar sylvsketer
 med bruken av hornskeleno, det er sketer av metall
 dan gang ved høgtidetege hende. No er det slutt
 det kom lydte frammande til gards , eller ein skjel-
 sketer av sylv og , men det vart berre brukt når
 i bruk . Det kunne vera ein og annan som hadde
 i bruk, det var hornskeleno som da til vanlegst var
 ana , men til bords var ein at var det skjeldan
 av horn . Tresketer kunne verta nytta til sumt
 Før var det vanlegaste at skeleno var
 saman med skeleno til det andre millom maltida .
 sat tilbords heime . Han Røynde ikkje sketa si

brukt . No er det nokså vanlegt , at bordduk vert
brukt til kvardags og . Ein kan segja folk byrja
med det kring 1920 . Dei fleste lett duken ligja
på og millom matmala . Dei har voksduk som vert va=
ska etter bruken for kvar gong . Ved høgtidelegare
høve kan dei legja på ein tyduk ovanpå voksduken .
Denne vert teken av etter bordskikken er over.

22 . Det vanlegaste er at ein brukar voks=
duk på bordet.

23 . Det vanlegaste før i tida var at kvar
fekk taka og forsyne seg av maten på bordet etter
det han sjølv tykte . Berre om det var unframt
som det var lite av kunne husmora dela ut maten slik
at alle fekk . Men det var berre når det var husets
eigne folk som var tilstades det vart gjort . Var
det vyrde framande som skulde eta , fekk dei heller
eta først og så vart det som vart att delt millom
dei andre . Juledags morgon vart alltid maten delt
og lagt på eigne talerkar til alle . Då var det til
vanleg nok mat , det var ikkje det , men det var
ein fast skikk likevel . Når maten vart delt fekk
til vanleg husbond først , elles var det ikkje no=
kon viss rekkefylgje . Til vanleg skulde vaksne
mannfolk ha mest , yngre born minst . Det vart kalla
å dela eller skifte maten .

At nokon mat vert delt no er sers skjeldan .
Regelen er at kvar får forsyne seg som han vil .

24 . Ein kan ikkje segja det var noko
visse sorter mat som husmora delte ut . Einast kunne
vera ost i kaffen , den vart oftast delt og hatt
i kaffekoppene til kvar einskild . Det var rett ofte
dei hadde geiteost i kaffeene .

25. . Nar mat vart delt , fekk vaksne menn til vanleg mest, allvisst om dei stod i hart arbeid. Dinest kom halvaksne gutar . Kvinnene trengte mindre mat trudde dei .

26. I sju til otte ars aldren laut barnet eta ved bordet utan nemmande hjelp . I fem ars aldren kunne borna sa smatt fa taka til a forsyne seg sjolv ved bordet av ymse slags mat .

Oftast var det vel mor som hjelpte barnet , men far eller eldre sysken kunne og gjera det .

27. Gamalt var det vanlegt å tygge maten til sma born . Det var mest alltid mora som gjorde det .

28. Det er skjeldan at det vert lese eller sunge før eller etter maten . Stort sett kan ein segja det berre er i gravøl det vert sunge før og etter maten. Det er helst eit bordvers som vert sungefør maten og eit anna som vert sjunge etter maten . Det var ikkje vanleg med bordbøn før og etter maten før heller . Det kunne vera til dei store høgtidene og serleg i jula , at husbond leste bordbøna høgt før dei åt . Og elles var det i gravøla det vart lese og sungex.

Men det var ein vanleg skikk , at ein sku kneppa hendene og lesa lagt kvar for seg etter dei hadde ete. Born som ikkje kunne bordbøna kunne lera denne med a lesa høgt attmed bordet . Skikken a kneppa hendene og lesa lagt er enno mykje brukt . Berre einskilde stader gar dei til vanlegt fra bordet utan først a kneppa hendene .

Før var det og vanleg , at husbond eller matmor kunne segja med same dei knepte hendene etter a ha ete : Gud skje lov og takk for maten . Dette har

eg ikkje høyrte i seinare tid . Nokon skildnad i huslyder der det er born med i ~~kyrk~~ huslyder der det ingen er trur eg ikkje det er. Har allvisst ikkje høyrte det . Sume kan gjera nokon skildnad om det kjem framande , da knepp dei ikkje hendene utan dei framande sjølv gjer det . Men andre gjer det at dei knepp hendene anten det er framande med til bords eller ikkje.

29. Det var vanlegt at det vart snakka medan ein sat til bords og at, serleg om det var framande med . Var det berre folk som høyrde huset til som sat tilbords , sa kunne det vera så ymse , da kunne ein gott eta utan det vart sagt noko nemnande, men oftast vart det snakka meire eller mindre . Men det var ikkje halden før god skikk , at born la seg noko vidare bort i praten til dei vaksne utan dei vart spurde .

No er det liksom ei plikt før husbond a halda praten i gang om det er framande med til bords . Er det berre folk som høyrer huslyden til som er med til bords er det meire som før om det ena vert rekna for best bordskikk at ein fører ein noko avdempa samtale med ein sitt tilbords.

Før var det helst husbond som førde ordet om det var mannelege gjester tilstade , matmora om det var kvinnelege gjester . Og noko i same retning er det enda.

30 . Ein kunne gott le litt medan ein sat ved bordet, når ein berre ikkje for før støyande fram . A flire noko mykje var ikkje halden for bra , da kunne ein sa lett svelgja maten i vrangstrupen . Born som flirde medan dei at vart tilhaldne at dei ikkje laut gjera det , dei kunne

12
fa maten i vrangstrupen vart det sagt.

Ein kan segja at stort sett er bordskikken i dette høvet likeeins som før .

31. A syngja medan ein åt var nalden for å vera upassande. Narran syng med herran et , sa dei .

32. Nar det var gjester med til bords sa skulde alle sitja ved bordet til alle hadde ete ifra ðx seg .Til kvardags , serleg om ein hadde det annviant med arbeid , sa reiste ein seg berre fra bordet strakst ein hadde ete. Hadde ein leigde arbeidsfolk var det likevel vanlegt å sitja ved ðx ðx bordet til alle var mette.

33 . Nar ein er heime er det skjeldan nokon segjar takk for maten, det kan einast vera i einskilde sereigne tilfelle . Men nar ein var borte på besøk , sa sa ein alltid takk for maten , allvisst til husbond og matmor .

34. Ein framan som kom ann medan ein at pla segja : ðx Signe maten . Og dei inne svara : Takk .

35. Nar det kom framande var det vanleg skikk at dei skulde ha mat og kaffe før dei for att. Men om dei kom inn medan husets folk sat og at , sa var det mest vanleg dei framande laut venta til desse hadde ete ifra seg . Det var ikkje vanleg å laga sa mykje mat til kvart mål , at framande og skulde få om dei kom . Det vanlege var elles og , at ein framan som kom fekk ðx tømte og kaffe . Om husets folk sat og at kocht mat var det sers skjeldan den framande fekk av den maten .

36 . Det vanlege var , at om ein framan kom imillom maltida , sa skulde han ha mat og kaffe.

57. Det var vanlegt at ein gjest som kom til gards skulde na traktering . Det var det same anten nan kom reint tilfellegt eller nan var venta . Det vart kokt kaffe og gjesten fekk av det beste dei hadde pa garden . Var det ein som kom langveges fra og hadde gatt langt , sa kunne nan fa noko søt mjøik a drikka først for a slækja tyrsten , serleg om det var varmt . Denne skikken har halde seg og er brukt enno . Kanskje er dei ikkje fullt sa papassande for a gjeva tilfellege gjester traktering no som dei var før .

58. Ein hadde ikkje kjelen pa omnen xxk såande til ei kvar tid . Kom det ein gjest som ein vilde traktere , laut denne venta til kjelen var køkt . Dei hadde det a segja , at kaffen vart ikkje god om ein støtt skulde na kjelen staande pa omn . Og gjeva ein kjenning kaffe som ikkje var god var rekna mest som ei skamm . Naboer som budde like i nerleiken fekk ikkje alltid kaffe om dei stakk innom pa ei tid da kaffe ikkje var køkt .

Det er likeeins enno i sa mate .

59. Ein framan gjest vert alltid plasert inne i stua , det er det same anten husets folk sjølve held til i kjøkenet og et , eller dei er inne i stua og et . Det kan einast vera nare naboar som kjem pa tilfellegt vitjing , dei kan verta plasert ved bordet ute i kjøkenet saman med husets folk . Før i tida var det vanleg , at framande gjester fekk maten og at før seg , ikkje saman med husets folk . Naboar som kom pa vitjing kunne ofte verta plasert saman med husets folk og om dei st inne i stua . No er det meire vorten skikk at

14

husbond sjølv et saman med den framande gjesten .
Første gongen gjesten et et likevel ikkje husbond
til vanleg saman med honom , om det ikkje er på
den tida da husbond likevel skal ha mat . Husbond
kan i det siste tilfelle taka ein kopp kaffe for
a halda gjesten med lag . Husbond segjar da til
gjesten , at denne må eta og ikkje sja etter honom,
før han har nyleg ete .
Er det kvinnelege gjester som kjem , så
er det husmora som skal taka seg av dei , ikkje
husbond . Det var likeeins før og det
40. Før var det den vanlege skikk at ein
gjest skulde late seg nøaa til a eta . Det var
husbond og matmora som skulde sja etter og gjera
det .
41. Før nar dei lett gjesten sitja
aleina og eta var det vanlegt at ein kvar av fa-
miljen skulde sitja inne og prate med gjesten .
Var det ein vurd gjest skulde det vera husbond
som skulde underhalda gjesten om det var manlege
gjester , matmora om det var kvinnelege gjester .
Var det fleire enn ein gjest , var det ikkje fullt
sa farlegt med det om alle gjekk ut og lett gje-
stene underhalda seg sjølve , nar det berre ikkje
vart varande for lenge . Husets folk laut i alle
fall varte opp ved bordet og sja til at gjestene
fekk mat og forsynte seg av det som var . Sat hus-
bond eller matmor inne på dei ikkje setja seg
attmed bordet der gjesten eller gjestene sat ,
dei sette seg alltid eit stykke ifra . Ikkje var det
skikk at dei skulde sitja og sja på bordet der
gjestene sat og at . Dei skulde berre kaste di-
skrete blikk dit for a sja etter at inkje vanta på

bordet.